



Uskedalselva er ei fin elv som er variert og gir mange mogelegheiter for fiske. I tillegg er elva godt tilrettelagd for folk flest.

Slik konkluderar Ole Martin Dahle som er fiskeforvaltar i Suldal kommune og som no har vore på besøk i Uskedalen.

Han kjenner godt til dei utfordringane ein har i dag når det gjeld å bevare laksen og sjøauren i elvane. I så måte synest han det er kjekt å besøka Uskedalselva som han forstår har hatt ei positiv utvikling dei seinare åra.

Dahle var ein tur langs elva og fiska i går og fekk to smålaks og ein laks på 3,2 kilo.

Han har også denne attesten:

- Nemnast må og oppsynsmann Arne Terje - ein ualminneleg hyggeleg og hjelpsam kar som brenn for elva. Slike folk er gull verdt!

(Foto: Ola Matti Mathisen)